

Her er eit utdrag av ein tekst frå ei statleg nettside med informasjon om utdanning.

På neste side står originalteksten med kommentarar.

På siste side står ein redigert versjon av teksten.

Originaltekst

Bachelor i teiknspråk og tolking

Med denne utdanninga blir du godkjend tolk for døve, døvblinde og døvblitte. Tolken er ein språkleg formidlar som opptrer i alle samanhengar der teiknspråkbrukarar møter høyrande som ikkje kan teiknspråk.

I dette avsnittet blir informasjonen presentert i feil rekkefølge. Den første setninga legg til grunn at lesarane har lese den andre setninga. Den andre setninga fortel kva ein teiknspråktolk er. Difor bør den andre setninga anten setjast først i avsnittet eller stå under ei særskild overskrift.

Kvar får du jobb?

Du kan bli tilsett som tolk ved tolketenestene på hjelpemiddelsentralane, ved arbeidsplassar der det arbeider døve, i skular og høgare utdanning eller ved ulike institusjonar og organisasjonar. Du kan òg velje å jobbe som frilanstolk. Tolkeyrket passar for deg som likar å arbeide med menneske og som synest at språk er spanande.

I den tredje og siste setninga kjem eit nytt tema, nemleg kven som passar til tolkeyrket. Denne setninga heng ikkje så godt saman med resten av avsnittet, som handlar om kvar en tolk kan få jobb. Setninga passar betre i det første avsnittet, der lesaren får informasjon om kva ein tolk er og gjer.

Bachelorgrad i teiknspråk og tolking

Ein teiknspråktolk er ein språkleg formidlar som opptrer i alle samanhengar der teiknspråkbrukarar møter høyrande som ikke kan teiknspråk. Tolkeyrket passar for deg som likar å arbeide med menneske og som synest at språk er spanande. Med ein bachelorgrad i teiknspråk og tolking blir du godkjend tolk for døve, døvblinde og døvblitte.

Kvar får du jobb?

Du kan bli tilsett som tolk ved tolketenestene på hjelpemiddelsentralane, ved arbeidsplassar der det arbeider døve, i skular og høgare utdanning eller ved ulike institusjonar og organisasjonar. Du kan òg velje å jobbe som frilanstolk.

**Pass på at setningane
i kvart avsnitt
heng saman!**